

Oktober 2024

Samhandlingsnytt



Kontakt

Nettstad

<https://helse-forde.no/samhandling-i-sogn-og-fjordane>

www.samhandling-sfj.no

Kontaktperson

Samhandlingsjef Helse Førde
[Dagrun Kyrkjebø](#)

Møteplan

Felles brukarutval

16. oktober

28. november

Fagleg samarbeidsutval

7. november

Strategisk samarbeidsutval

20. november

Kjære lesar

Det er tid for haustens Samhandlingsnytt og her prøver vi å gje eit innblikk i aktivitetar som har føregått den siste tida.

God leselyst!

Oppfølging av Campus Vie-satsinga



3.september vart det arrangert oppstartsmøte for samarbeid rundt etablering av ei helserelatert kunnskapsklynge i Sogn og Fjordane. Nærare 50 deltakarar frå offentleg og privat sektor møttes på HVL, campus Førde og fekk høyre relevante innlegg frå ulike aktørar i tillegg til å delta i workshop for å få fram

deltakarane sine idear for det vidare arbeidet.

Her kan ein lese meir om oppstartsmøtet:

[Oppstart ny helserelatert kunnskaps- og næringsklynge — IT-Forum Vest \(itforumvest.no\)](#)

Prosjektet «Inkludering av habilitering i Barn og unges helseteneste»

25.september vart det arrangert Samhandlingsdag i regi av prosjektet «Inkludering av habilitering i Barn og unges helseteneste» på Scandic Sunnfjord Hotell. 70 deltakarar frå ulike fagprofesjonar og tenestenivå deltok på Samhandlingsdagen, samt deltaking frå brukarrepresentantar. Gjennom totalt tre Samhandlingsdagar fordelt over hausten -24 og vinter -25, er målet at ein skal få innsikt i korleis vi kan betre samhandlinga i habiliteringsoppfølginga til barn og unge med barneautisme i vårt område og utarbeide samhandlingsforløp. Nasjonale og regionale rapportar viser at barn og unge med behov for habiliteringsoppfølging er særleg utsett for at tenestene ikkje er godt nok koordinert og at det er for dårleg samanheng mellom tenestene.




Mange ulike instansar er involvert i habiliteringsoppfølginga til barn og unge, og det trengs betre samarbeid på tvers når det er fleire tenester og sektorar involvert. Gjennom gruppearbeid, erfaringsdeling og gode diskusjonar, arbeidde deltakarane med kartlegging av no-situasjon og identifisering av barrierar og utfordringar knytt til samhandling. På dei neste Samhandlingsdagane skal det arbeidast vidare med moglege løysingar for betre samhandling, og korleis aktuelle løysingar skal implementerast i dei ulike tenestene. Samhandlingsdagen

bidrog til godt engasjement og drøftingar på tvers av fagområde og tenester, og vi gler oss til neste samling 21.november.

- Prosjektleiar Inger Furevik Slåtten -

Nytt pasientforløp i Helse Vest for barn og unge med erverva hjerneskade



Figur fra rapporten *Nasjonal behandlingsslinje for rehabilitering av barn og ungdom med moderat til alvorlig hjerneskade tilpasset til regionalt forløp i Helse Vest*

Det er etablert eit regionalt behandlingstilbod i Helse Bergen for tidleg rehabilitering til barn og unge med erverva hjerneskade. Dette omfattar moderate og alvorlege skadar som følge av traumatisk hjerneskade, tumor cerebri, infeksjon/inflammasjon, vaskulær årsak (blødning/infarkt) eller hypoxi/ischemi (pga drukningsulykker o.l.). Etter rehabiliteringsopphaldet i Bergen skal barnet få si

primær oppfølging i kommune, i samarbeid med Habilitering for barn og unge (HABU). For å forsøke å få til gode overgangar blir det jobba med tidleg informasjon ut til kommune og lokal HABU, for å sikre involvering allereie i løpet av fase 3 i rehabiliteringa.

For å sikre oppfølging i fase 4 og 5 er det utarbeidd ny rutine; [Erverva hjerneskade - barn \(helseforde.no\)](https://www.helseforde.no)

Vest Intensiv Tverrfagleg Habilitering (VITH)

Vi har gleda av å presentere Vest Intensiv Tverrfagleg Habilitering (VITH) – eit regionalt intensivt behandlingstilbod ved Haukeland universitetssjukehus, retta mot barn og ungdom med omfattande og samansette funksjonsnedsetjingar. Dette tverrfaglege tilbodet gir deltakarane høve til å utvikle seg gjennom intensiv språkleg og motorisk stimulering.


Gjennom tre 10-dagars intensive gruppeopphald i løpet av eitt år, vil deltakarane få ei heilskapleg tilnærming til sine utfordringar. Tilbodet krev aktiv deltaking frå føresette, og det er eit tett samarbeid med det kommunale støtteapparatet for å sikre kontinuitet og måloppnåing mellom opphalda.

Kven kan delta?

Rekrutteringa skjer i samarbeid mellom kommunen og Habiliteringstenesta for barn og unge (HABU). Tilvising skal sendast frå HABU. Gruppene blir sett saman utifrå alder og funksjonsnivå, og pågang kan føre til ventelister.

Søknadsfrist for opphald hausten 2025

Tilvising må sendast innan veke 49 i 2024 for opphald med oppstart hausten 2025.



Dette tilbodet representerer ein unik moglegheit for barn og ungdom å oppnå personleg vekst, gjennom støtte frå både familie og det offentlege apparatet. Ta kontakt med HABU for meir informasjon om korleis ein kan søke!

Siste nytt frå

Samhandlingslegane

Samhandlingslegane i Helse Førde har mange ballar i lufta når det gjeld samhandling – hovudsakleg mellom allmennlegetenesta og sjukehusa. Nettsida til samhandlingslegane er oppdatert og her finn ein oversikt over aktuelle og viktige saker som blir formidla ut til allmennlegekorpset. Kopi går også til mange sentrale samarbeidspartar i Helse Førde.

Hovudsida gir informasjon om samhandlingslegeordninga, samhandlingslegane i Helse Førde, og gir tilgang til alle aktuelle lenker inkludert dei som kjem under her.

[Samhandlingslegeordninga \(tidlegare PKO\) - Helse Førde HF \(helse-forde.no\)](#)

[Aktuelle saker frå samhandlingslegane - Helse Førde HF \(helse-forde.no\)](#)

[Samhandlingskalenderen - Helse Førde HF \(helse-forde.no\)](#)

Sogn og Fjordane helsefellesskap

I helsefellesskapet vert det framleis arbeid med utviklingsprosjektet som tek sikte på å konkretisere tiltak for vår region rundt rekruttering, kompetanse og felles planlegging av tenestene.

Det skal arrangerast ei nettverkssamling våren 2025 mellom strategisk leiing i kommunane og Helse Førde med fokus på følgande tre tema:

1. Rekruttering og kompetanse av helsepersonell til kommunane og føretaket.
2. Samhandling mellom kommunane og føretaket, korleis gjennomføre heilskaplege pasientforløp og kva er erfaringar har vi gjort oss i lag?
3. Langsiktig og strategisk planlegging for å møte demografiutfordringane

Arbeidet med å innhente status på desse tre områda er godt i gang og når det gjeld området rekruttering og kompetanse er no arbeidet med innhenting av data ferdig og ein er i analysefasen. Dei to andre områda er ikkje kome like langt, men det vert arbeid godt her også. Strategisk samarbeidsutval i helsefellesskapet er styringsgruppe for prosjektet.

Ifoto: AlexMax, iStockphoto



Fast sak

[Navn på aktivitet]

[Du kan legge til en beskrivelse og viktig informasjon om aktiviteten her.]

[Navn på aktivitet]

[Du kan legge til en beskrivelse og viktig informasjon om aktiviteten her.]